

VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I LUSTER KOMMUNE

Gjeldande frå 1.januar 2011

A. Føremål:

- § 1. Barnehagane i Luster skal drivast i samsvar med til kvar tid gjeldande Lov om barnehagar med tilhøyrande forskrifter.

B. Drift og forvaltning:

- § 2. Luster kommune eig og er ansvarleg for drift av dei barnehagane i kommunen som er omfatta av vedtektene.
- § 3. Rådmannen er det kommunale forvaltningsorganet for all barnehageverksemd i Luster.
- § 4. Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval i samsvar med Lov om barnehagar.
Der barnehage og skule held til i same bygning, skal det vere felles samarbeidsutval og/eller foreldreråd. Kommunestyret vel ein representant til kvart samarbeidsutval.

C. Opptaksreglementet:

- § 5. Alternative plasstorleikar i barnehagane er 60 %, 80 % og 100 %.
Foreldre som er busette i Luster og/eller som har arbeidet sitt i Luster, kan få barnehageplass til barnet sitt. Innbyggjarane i Luster skal prioriterast.
Rådmannen kan fråvike frå regelen som eit rekrutteringstiltak.
- § 6. Diverse fristar mv:
- Når foreldre som er busette i Luster har fått barnehageplass til barnet sitt, beheld dei denne plassen til dei seier han opp, eller til barnet når skulepliktig alder.
 - Hovudopptak med oppstart 15. august vert kunngjort ca. 15. januar i lokalavisene og på Luster kommune si heimeside. Søknadsfrist for endring og ny barnehageplass er 1. februar.
 - Opptak i ledige barnehageplassar vert føreteke kontinuerleg gjennom barnehageåret, men rådmannen kan på grunnlag av driftssituasjonen i den enkelte barnehage, fastsetje opptak til 15.11 og 15.03.
 - Det vert ikkje opptak etter 15.03.
- § 7. Opptak vert føreteke av rådmannen.
Ved klage er rådmannen underinstans, og klagenemnda er klagesinstans.
- § 8. Prioriteringsrekkefølge ved opptak
- Barn med funksjonshemmingar der det ligg føre tilråding frå PPT- tenesta i Luster kommune.
 - Barn som pga sosiale tilhøve treng ein barnehageplass der det ligg føre tilråding frå kommunal sakkunnig instans.
 - Barn med einslege forsørgjarar.

- d. Barnehageopptaket i Gaupne og på Hafslo må samordnast, slik at det samla pedagogiske tilbodet vert best mogeleg.
- e. Barn busett i aktuell krins.
- f. Barn som treng utvida barnehageplass eller treng plass i ein annan barnehage.
- g. Barn som har søsken i den aktuelle barnehagen.
- h. Eldre barn går føre yngre barn.

§ 9. Ved barnehageopptaket vert alle barn som fyller 3 år i tida frå oppstart av nytt barnehageår og til utgang av året rekna som 3 - åringar. Etter årsskiftet kan plasstalet, dersom søkinga og driftssituasjonen i barnehagen tilseier det, aukast noko. I slike samanhengar må ein ta omsyn til det ein har av tilgjengeleg areal. Ein må også vurdere storleiken på bemanninga.

§ 10. Lengda på barnehageåret og opningstida:

- a. Barnehageåret vert rekna frå 15. august til 14. august i det neste året.
- b. Barnehagane er stengde julaftan og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl 12.00
- c. Barnehagane er stengde 5 planleggingsdagar kvart år. Planleggingsdagane vert tidfesta i årsplanane for barnehagane.
- d. Heildagsbarnehagane har som hovudregel ei dagleg opphaldstid på 9 timar. Utvida opningstid gjeld for barnehagane på Skjolden og i Jostedal.

§ 11. Ferie

Barnehagane har feriestengt dei to siste vekene av fellesferien.

Barnet skal ha 4 veker ferie i kalenderåret, der 3 av desse skal vere samanhengande og takast i samband dei to siste vekene av fellesferien.

Dei 5 planleggingsdagane kan utgjere den 4. ferieveka for barnet.

Ferien skal vere tidfesta innan 1.mai kvart år, i samsvar med ferielova sine reglar.

D. Betalingsreglementet/oppseiing/tap av plassen:

§ 12. Kommunestyret fastset barnehagesatsane gjeldande frå 1. januar.

Betalinga for eit barnehageår vert delt over 11 månader, der 15.07-14.08 er betalingsfri månad.

Det vert gjeve 30 % rabatt for barn nr. 2 og 50 % rabatt for barn nr. 3, eller fleire.

Betaling for mat/frukt og betaling for reise/reisekasse kjem i tillegg.

§ 13. Foreldre kan søkja om heil eller delvis friplass for barnet sitt grunna funksjonshemming, sosiale eller økonomiske vanskar.

Rådmannen tek stoda til søknad for barn med funksjonshemming etter § 9 i lov om barnehagar og etter tilråding frå PPT- tenesta i Luster kommune.

Søknader grunna sosiale eller økonomiske vanskar vert vurdert etter Lov om sosiale tenester/ barnevernslova.

§ 14. Det er utenom søknadsfrist for endring av barnehageplass (jfr. §6.2), høve til å redusere tildelt plass med verknad frå 15. august og 15. januar. Varsel om slik endring må liggje føre innan 15.juni (redusering for 15.august) og 15. november (redusering frå 15. januar).

- § 15. Foreldre kan seie opp ein barnehage plass med 2 månaders skrifteleg varsel frå den 15. i kvar månad til styrar i barnehagen. Dette gjeld ikkje etter 15. mars. Ved oppseiing etter 15. mars må ein betale for resten av barnehageåret.
- § 16. Ved manglande foreldrebetaling vil foreldre etter 3 månader miste plassen til barnet.
- § 17. Motteken barnehageplass må nyttast innan 1 månad etter den datoen som står i vedtaket for at plassen skal bli beholden.

E. Retningslinjer for fritak for betaling i barnehagen:

- § 18. Barn som lir av ein alvorleg sjukdom og som gjer at barnet ikkje kan nytte plassen i barnehagen, kan innvilgast fritaket frå første dag etterfylgjande månad som barnet vert teke ut av barnehagen. Det må liggja ved tilråding frå lege.
- § 19. Dersom sjukdomen gjer at barnet kan vere i barnehagen i periodar, vert det utrekna ein dagpris tilsvarande 1/25 av den fastsette månadsprisen.

F. Det vert ikkje innvilga fritak for betaling i følgjande søknader:

- § 20. Søknad om å ta ut barnet grunna ferie.
- § 21. Søknad om fritak der barnet er fleirkulturelt og skal tilbake til det andre heimlandet for kortare eller lengre tid. Det kan imidlertid gjevast fritak dersom opphaldet er over to månader, og eit anna barn kan nytta seg av plassen i den tida barnet er borte. Eit slikt fritak gjeld frå 1.dato i etterfølgjande månad som barnet vert teke ut av barnehagen.